

Til
Alver kommune

Rossland, 11.04.2021

Søknad om å bygge terrasse

Eg planlegg å bygge ein enkel, frittliggende terrasse framfor huset. Terrassen fluktar med plen i bakkant, vil den vere meir enn 0,5 m over bakken i framkant. Difor denne søknaden.

Terrassen vil ha rekkverk i tråd med forskrifter. Rekkeverket vil vere i glas.

Eg har varsla dei nærmeste naboane, og dei har bekrefta i e-post (vedlagt) at dei har ingen merknader. Ingen andre naboar enn dei som er varsla vil kunne sjå terrassen og vil heller ikkje på andre måtar vere påverka av den. Dette gjeld også gnr. 347/50, då det er ein liten haug på min tomt som stenger for innsyn derifrå.

Dispensasjonar:

- Statens vegvesen har gjeve dispensasjon i forhold til byggegrense mot fylkesveg.
- Alver kommune har stadfesta i e-post (vedlagt) at det ikkje er naudsynt å søkje dispensasjon mot byggjegrense mot sjø.
- Det er søkt vegavdelinga i Alver kommune om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg (kopi vedlagt). Dei har i ein vedlagt førehandsuttale sagt at dei kjem til å godkjenne søknaden.

Med håp om rask og positiv tilbakemelding.

Venleg helsing
Ottar Mæstad